

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2160 - 21/67216

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2021

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting på vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre indre

Vi stadfestar med dette å ha mottatt klage og førespurnad om utsatt iverksetting på vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre frå Statsforvaltaren i Vestland innan rett tid den 28.09.2021.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.11.2021. Møta vert halde på Helsehuset i Knarvik. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak frå Utval for areal, plan og miljø datert 01.09.2021 i sak 21/2160 med saknr. 131/21. Klagen gjeld vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8, for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre. Det er søkt om løyve til bygging, men denne søknaden er satt på vent i påvente av at dispensasjon mv. er på plass etter førespurnad av ansvarleg søkjar den 13.04.2021.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om byggeløyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt byggeløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket dispensasjon frå LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8 for oppføring av fritidsbustad - gbnr 58/151 Lygre frå Utval for areal, plan og miljø datert 01.09.2021 i sak 21/2160 med saknr. 131/21.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frekhaug Bolig AS	Mjåtveitflaten 55	5918	FREKHAUG
Frekhaug Bolig AS	Mjåtveitflaten 55	5918	FREKHAUG
Stein Arve Lone	Midtkleiva 4	5119	ULSET
Stein Arve Lone	Midtkleiva 4	5119	ULSET

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------